



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vatn og avløp

Svein Ludvig Handeland
Vågen 164

5451 Valen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2023/2795-232		23.09.2023

Vassmålar på Vågen 164 - 185/123

Kvinnherad kommune byter ut alle vassmålarar som er eldre enn 15 år, hos kommunale abonnentar. Dette på grunn av at levealderen til målarane er gått ut, og samtidig går kommunen over til «smarte» vassmålarar med fjernavlesing. Med ein fjernavlesen vassmålar slepp ein å melda inn forbruket årleg slik som i dag. Det vil ikkje koma noko ekstra kostnad direkte til abonnenten ved sjølve bytet, men sjå likevel kulepunkta under.

Kvinnherad kommune har inngått avtale med Into Røyr AS som skal utføra arbeidet. Into Røyr AS vil ta kontakt pr. telefon for å avklara nærare dag/klokkeslett.

Det er viktig at:

- det er tilkomst for røyrleggjar. (god tilkomst til vassmålararen, og at denne ikkje er innebygd/skjult)
- det er ein fungerande hovudstengeventil på eininga slik at røyrleggjaren får stengt av vatnet. Er det naudsynt å utføra forbetringar/tiltak for å få stengt vatnet, kan dette avtalast med røyrleggjar som i tilfelle kan utføra arbeidet og fakturera abonnenten direkte.
- røyrnett i eininga Dykkar er av ein slik tilstand at det er mogleg å byta vassmålar utan risiko for lekkasjar. Må det gjerast tiltak på sanitæranlegget avtalar røyrleggjaren dette med Dykk, og eventuelt utbetrar dette for eigars kostnad.
- jordinga framleis vert i god kontakt med sanitæranlegget etter montering av vassmålararen. Då den nye målararen er av kompositt, kan det i enkelte tilfelle verta naudsynt å etablera ein «lask» forbi målararen. Røyrleggjaren kan i tilfelle hjelpe til med å få dette på plass, noko som vert avtalt i kvart enkelt tilfelle. Kostnaden må berast av abonnenten.
- eigar er heime/tilgjengeleg til avtalt tid og/eller avtalt tilkomst til eininga. (ein eventuell bomtur for røyrleggjar vert fakturert direkte til abonnenten)

For dei som eventuelt har privat vassmålar pr. i dag viser me til *Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune §7e: Kommunen kan når som helst skifta ut eldre private vassmålarar*. Etter målarbyttet er det kommunen som eig målararen, og abonnenten vil difor verta belasta med eit årleg vassmålargebyr i hht gebyrregulativet.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Egil Eide
Einingsleiar Vatn og avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.